



I7 slav 2

**Arealplan**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
 Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01  
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
 Heimeside: www.lindas.kommune.no  
 Kartside: www.nordhordlandskart.no  
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Advokatfirma Stiegler v/adv.Thorvald Ornell Myhre

**Dykkar ref.****Sakshandsamar:**

Eli Bjørklid

Postboks 1124 Sentrum  
 5809 BERGEN

**Vår ref.****Telefon**2012/2466 - 0 -  
1557/2013**Arkivkode:****Dato:**

137/481

18.01.2013

*Delegert sak***Godkjenning av søknad om deling gbnr 137/481 Alver.**

Eigedom: gnr.137 bnr.481 Alver  
 Adresse for eiged.: Alvermarka 2, 5911 Alverstrømmen  
 Type tiltak: Deling av grunneigedom og oppmåling  
 Heimelshavar: EILIB AS v/bustyrar Thorvald Ornell Myhre  
 Søkar: Den same.

**Saka gjeld:**

Etter forlik mellom to partar i Forliksrådet i Lindås og Meland, vert det no frå bustyraren søkt om å effektuere dommen i Forliksrådet. Det gjeld deling av ein bustadeigedom i Alvermarka. Gnr.137 bnr481 har eit samla areal på vel 2,4da. Det vert no søkt om å få dele frå ein parsell slik at restareal vert 1,4da. På dette restarealet står det i dag eit bustadhús. På den frådelte parsellen skal det eventuelt førast opp eit nytt bustadhús, kanskje med to bustadeininger.

**Planstatus/dispensasjonar:**

Gnr.137 bnr.481 ligg i Alvermarka. Området er i gjeldande reguleringsplan sett av til bustadføremål.

Delinga fører ikkje til endring av bruken, og den er såleis ikkje i strid med gjeldande plan. Det er ikkje naudsynt med dispensasjon.

**Tilkomst:**

*< Avkjørselsløye*

Spørsmålet om å dele denne eigedommen har vore reist før, og i den samanhengen var det og søkt om løyve til ny utkøyring i kommunal veg. Dette er det gjeve løyve til i internt notat frå teknisk avdeling til byggesaksavdelinga i kommunen:

"Vegavdelinga vil gje løyve til å etablere avkjørsle for 2-mammsbustad på følgjande vilkår.." Avkjørsel som det er gjeve løyve til er skissert i situasjonsplan for avkjørsel stempila Lindås kommune Teknisk drift VVA 04.04.2011.

Det ligg såleis føre godkjend plan for avkjørsel frå den nye parsellen.

**Vassforsyning/avløp:**

Vassforsyning og avløp for den nye parsellen vert i høve til gjeldande plan for området.

**Nabovarsel:**

Det er sendt ut nabovarsel, og det ligg ikkje føre merknadar frå naboar.

# I7 s2av2.

## **VEDTAK:**

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m, gjev Lindås kommune løyve til deling av 137/481 slik det er søkt om, og synt på kart stempla inn i kommunen 14.12.2012.

Når eigedommen er delt skal resteigedommen ha eit areal på 1,4da.

Arealet skal nyttast i samsvar med gjeldande reguleringsplan, og utnyttingsgraden skal ikkje vere større enn det løyve til avkjørsel gjev rom for.

## **Grunngjeving for vedtaket:**

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §§ 20-1 og 26-1.

Eigedom må ikkje deles på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom deles slik at det vert danna tomter som etter kommunen sitt skjønn er mindre vel skikka til bygging på grunn av storleik eller form.

Delinga er i samsvar med gjeldande plan. På visse premissar som må verte fastsett i samråd med kommunen, vil det og vere råd å bygge på den frådelte parsellen.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i pbl. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

## **Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med kartforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

## **Gebyr:**

Med heimel i gebyrregulativet for kommunen vedteke i desember 2011 og gjeldande for 2012, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Søknad om deling i regulert område, byggetomt kr.4400,-

## **Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

## **Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak i høve forvaltningslova sine føresegner, og partane kan klage over avgjerda til overordna mynde innan 3 veker, jf. Forvaltningslova §§ 28 flg. Sjå Vedlegg.

Med helsing

Sveinung Toft  
fagleiar arealplan

Eli Bjørklid  
saksbehandler

# I 2

## Kåre Romarheim

**Fra:** Atle Dingen <Atle.Dingen@lindas.kommune.no>  
**Sendt:** 5. februar 2014 12:51  
**Til:** Kåre Romarheim  
**Kopi:** Arne Helgesen  
**Emne:** SV: Kart VA-ledninger ved gbnr. 137/771 Alvermarka  
**Vedlegg:** Krom holding 137.771.xps

Hei!

Kommunalt Va anlegg har kapasitet i den kommunal vegen.

Legger ved Va kart i området.

↖ *Forhåndstilsagn.  
VA-tilkobling.*

Mvh Atle

---

**Fra:** Kåre Romarheim [<mailto:kare@romarheim.no>]

**Sendt:** 5. februar 2014 10:34

**Til:** Atle Dingen

**Emne:** Kart VA-ledninger ved gbnr. 137/771 Alvermarka

Hei!

Viser til telefonsamtale og ber om kart som grunnlag for rørleggermelding.

Ber også om en uttale (kort i svar) om VA-anlegget har kapasitet for tilkobling av en tomannsbolig. Legger ved utkast til situasjonsplan.

Med vennlig hilsen

Kåre Romarheim